



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/1378-1

Sakshandsamar: Jan Olav Hemsing

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Oppvekst, kultur og idretts utval	04.11.2025	39/25
Kommunestyre	11.12.2025	72/25

Prioriteringsliste spelemidler 2026

Saksframlegg godkjent 27.10.2025.

Knut Erik Paulsen

kommunalsjef plan, næring og kultur

Vedlegg

- 1 Søknad om medfinansiering til Turveg Crosscut_Tokke kommune
- 2 Forprosjekt Crosscut_presentasjon
- 3 Til Tokke kommune_fra Skafså grendelag
- 4 Skafsåskogen_kart
- 5 Skafsåskogen informasjon til Jan Olav Hemsing_ 22.10.25
- 6 Uttale fra Tokke idrettsråd - prioritering spelemidler

Bakgrunn for saka

Kultur og likestillingsdepartementet fordeler årleg ut spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Spelemidlane skal bidra til infrastruktur som gjev befolkninga mogelegheit til å drive fysisk aktivitet i regi av den frivillige, medlemsbaserte idretten og eigenorganisert fysisk aktivitet.

Kulturdepartementet definerer born og unge som den viktigaste målgruppa for ordninga, med fokus på anlegg som stimulerer og dekkjer borns behov for utfordringar variasjon. Anlegga bør fungere som gode sosiale møteplassar i lokalsamfunnet.

Innan 15. januar skal Tokke kommune sende inn alle innkomne søknadar og gjere greie for kommunens prioriteringar. Anlegget skal være vedtatt i ein kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet og være fullfinansiert for å bli tildela tilskot.

Tokke idrettsråd, Oppvekst, kultur og idrettsutvalet skal kome med uttale før endeleg vedtak om prioriteringsliste for søknadar i Tokke kommunestyret.

Tokke kommune har fått beskjed frå to organisasjonar om at dei ynskjer å søkje spelemidlar med tildeling i 2026.

Saksutgreiing

ordinære anlegg

Det er meldt i frå om ein søknad på ordinære anlegg for tilskotsåret 2026, Det er Åmdal idrettslag som fremjar prosjektet Crosscut. Søknaden skal søkje om tilskot til 3 tiltak.

1. Turveg
2. Bru Crosscut
3. Bru Fleshaugen

Crosscut er eit samarbeid mellom blant anna Åmdal idrettslag, 59 * Nord, Åmdals verk gruver og Vest-Telemark museum.

Åmdal idrettslag søker Tokke kommune om 200 000 kr i stønad til prosjektet Crosscut. Prosjektet har som mål å utbetre dagens sti- og vegsystem kring Åmdals Verk slik at alle får mogelegheit til å oppleve naturen og kulturhistoria i nærområdet. Idrettslaget ynskjer å gruse eksisterande tilkomstveg til Crosscut, sikre betre drenering og oppbygging av vegen. Dei ynskjer og å montere to bruer ved Crosscut og fleshaugen og etablere ein sti langs elva der ein kan ta i bruk naturstein og støypte eller bygde element. Tiltaka skal tilpassast naturen og gjennomførast skånsamt. Den planlagde rundløypa er på om lag 3 kilometer og skal knytte saman eksisterande ferdsselsårer, kulturminne og opplevingspunkt.

Vurdering

Prosjektet er i tråd med kommunens målsettingar innanfor folkehelse og friluftsliv. Samfunnsdelen av kommuneplanen peikar på folkehelseutfordringar som eit kommunalt ansvarsområde og gjev blant anna kommunen rolla som pådrivar for strategiske folkehelsetiltak gjennom støtte og aktivt samarbeid. Tokke kommune skal ha tilgjengelege og gode uteområde med universell utforming for å stimulere til aktivitet. Tilrettelegging av turvegar skal ivaretakast og utviklast i eit langt perspektiv.

Saman med prosjektet «langturen» til Vest-Telemark museum og måla for stadutviklingsprosjektet 59* nord vil området få ei positiv utvikling og ringverknadar for større delar av Tokke kommune med auka attraktivitet og turisme.

Nærmiljøanlegg

Det er meldt i frå om ein søknad på nærmiljøanlegg for tilskotsåret 2026 frå Skafså grendelag.

Skafså grendelag ynskjer å etablere ein 3 km lang turveg i Skafsåskogen, Frå badeplassen ved Åmlivatn til Skafså kyrkje. Langs turvegen ynskjer grendelaget og å sette opp ein gapahuk.

Målet med tiltaket er å gjera det lettare for fleire å ta nærturar, vegen skal kunne brukas med barnevogn, rullestol og sykklar. Turvegen vil og gje eit meir trafikksikkert alternativ for dei som ynskjer å kome seg til badeplassen utan bil. Gjennomføringa av tiltaket skal skje i dialog med grunneigarar, og være tilpassa landskapet og sårbare område der ein bruker reversible løysingar.

Grendelaget samarbeider med 59* nord, som skal stå for planlegginga av tiltaket saman med ei lokal arbeidsgruppe. Totalkonstaden for prosjektet Skafsåskogen er estimert til 2 070 000 kr. Grendelaget skal søkje om ekstern støtte til prosjektet både i spelemiddelordninga, Tokke kommune og andre stønadsordningar.

Vurdering

Prosjektet er i tråd med kommunens målsettingar innanfor folkehelse og friluftsliv. Samfunnsdelen av kommuneplanen peikar på folkehelseutfordringar som eit kommunalt ansvarsområde og gjev blant anna kommunen rolla som pådrivar for strategiske folkehelseiltak gjennom støtte og aktivt samarbeid. Tiltak som turvegen i Skafsåskogen er eit godt døme på eit lågterskeltilbod som mange kan bruke og ha glede av. Tokke kommune skal ha tilgjengelege og gode uteområde med universell utforming for å stimulere til aktivitet. Tilrettelegging av turvegar skal ivaretakast og utviklast i eit langt perspektiv.

Konklusjon

Denne saka har ingen økonomiske konsekvensar for Tokke kommune då søknadane om stønad til prosjektet blir behandla i separate sakar. Vedtaka i dei separate stønadssakane påverkar ikkje prioriteringslista, søkjarorganisasjonane har mogelegheit til å få fullfinansiert prosjekta sine fram til kommunen sender inn prioriteringslista. Utvala skal vurdere kva spelemiddelprosjekt kommunen ynskjer å prioritere ved fleire søkjarar. For tildeling i 2026 er det ein søknad på kvar type anlegg som gjer at det ikkje er behov for prioritering mellom fleire anleggssøknadar.

Kommunedirektørens tilråding

1. Tokke kommune vedtek å setje fyljande anlegg på kommunes prioriteringsliste for spelemiddelsøknadar 2026:
 - Turveg Crosscut **Eigar:** Åmdal idrettslag **Driftar:** Åmdal idrettslag
 - Turveg skafsåskogen **Eigar:** Skafså grendelag **driftar:** Skafså grendelag
2. Tokke kommune vedtek å sende inn fyljande prioriteringsliste:

	Prioriteringsliste 2026 - Ordinære anlegg
1.	Turveg Crosscut Eigar: Åmdal idrettslag Driftar: Åmdal idrettslag
	Prioriteringsliste 2026 – Nærmiljøanlegg
1.	Turveg skafsåskogen Eigar: Skafså grendelag driftar: Skafså grendelag

